

Høyringsuttale frå Eid kommune – Ny rammeplan for barnehagen

Eid kommune vel å gje uttale på bakgrunn av dei fire punkta som departementet ber høyringsinstansane særleg vurdere om:

- Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument
- Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit veleigna arbeidsdokument for barnehagepersonalet
- Forslag til ny rammeplan tek i vare barnehagen sitt breie samfunnsmandat
- Kva delar av rammeplanen som bør utdjupast i rettleingsmateriell

Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument

Forslaget til ny rammeplan er eit tydelegare styringsdokument enn 2006-utgåva fordi delar av teksten som ikkje gjeld rettar og plikter er fjerna. Det er mindre prosatekst og omgrepet «skal» er brukt i større grad enn tidlegare, noko som gir tydeleg retning for arbeidet i barnehagen. Faren for at vaksenrolla kan bli for styrande må ein vere merksam på.

Strukturen er forenkla frå delar, kapittel og underkapittel til åtte kapittel. Det er positivt at kapittel 6 tydeleg beskriv ansvar og roller til barnehageeigar, styrar og pedagogisk leiar. Styraren leiar det daglege arbeidet i barnehagen, både pedagogisk, personalmessig og administrativt. Styraren skal gjennom den daglege leiinga av barnehagen vere ansvarleg for at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Samtidig er samarbeid poengtert: *Barnehageeier og alle som arbeider i barnehagen, skal sammen bidra til å oppfylle målene og kravene i rammeplanen, med utgangspunkt i sine erfaringer og sin kompetanse.*

Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit veleigna arbeidsdokument for barnehagepersonalet

Forslaget er eit veleigna arbeidsdokument for personalet fordi det er kort, konsist og oversiktleg. Det vil i tillegg vere eit godt dokument for eigar, tilsynsmynde og foreldre.

Det er i det nye forslaget tydelegare føringar for korleis arbeide for kvalitet og kva personalet skal gjere. Det er krav til progresjon i innhald og arbeid med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering. Det er positivt at vurdering av trivsel og allsidig utvikling berre skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi barnegruppa og enkeltbarn eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet.

Alle barna skal utvikle seg, lære nye ting og oppleve framgang, men skal ikkje målast og vurderast ut frå standardiserte testar som viser måloppnåing og forbettringspotensiale. Barnehagen skal sjå den enkelte, utfordre, motivere og gi tryggleiks- og meistringskjensle slik at barna kjenner seg gode nok og såleis utviklar ei positiv sjølvkjensle. Det er og svært viktig at barn som får spesialpedagogisk hjelp vert inkluderte i barnegruppa og i det ordinære barnehagetilbodet.

Det er svært positivt at leiken framleis skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om barna si

lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Dei tilsette skal bygge på barna sin kreativitet og leik og vere opne for improvisasjon. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane.

Digitale medium spelar i dag ei sentral rolle i kvardagen til barn og unge. Det er difor viktig å legge klare føringar for kva rolle barnehagen skal ha. Det blir presisert at barnehagen sin digitale praksis skal bidra til leik, kreativitet og læring, og barna skal utforske, leike, lære og undre seg. Dei skal sjølv skape gjennom digitale uttrykksformer, men personalet skal vere aktive saman med barna. Dei skal snakke med barna om prinsipp for digital dømmekraft. Dette er positivt då vi i dag ser ein auke i digital mobbing.

Det er i forslaget lagt vekt på dei yngste barna sine uttrykk og behov. Forsking viser at barn har langt større kapasitet for læring, «hukommelse» og sosialt samspel heilt frå fødselen av enn vi tidlegare har trudd. Det er viktig at det vert lagt til rette for kompetanseheving for tilsette som arbeider med dei minste. Dette gjeld særleg språkstimulering, fysisk aktivitet og utviklingsstøttande omsorg. Tilvenning er spesielt nemnt, og personalet skal ha tett oppfølging med barna slik at dei får ein trygg og god barnehagestart.

Vanar og handlingmønster tek form frå tidleg alder, og gode vanar kan vare livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn opplever glede ved fysisk aktivitet, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velver som fremjar barn si fysiske og psykiske helse. Dette er positivt med tanke på auka problematikkar rundt barn og unge si fysiske og psykiske helse.

Det er også positivt at barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs og ikkje ein mangel, og sikre barn som har norsk som andrespråk ei god utvikling. Likestilling og likeverd skal fremjast, og barnehagen skal motverke alle former for diskriminering. Barnehagen skal arbeide med førebygging, avdekking og handtering av krenkingar og mobbing. Dette er viktig då ulike former for krenking allereie startar i barnehagealder.

Barnehagen skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep og vite korleis ein kan førebygge og oppdage. Gjennom dagleg og nær kontakt med barna, er det viktig at barnehagepersonalet har kunnskap om feltet og kjenner til opplysningsplikta til barnevernet. Personalet har eit stort ansvar og må heile tida tenke «Barn sitt beste» og bidra aktivt i tverrfagleg samarbeid.

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeid, og ta omsyn til foreldra sine synspunkt. Det blir presisert at det er foreldra som har hovudansvaret for barna si oppdraging. Denne presiseringa er viktig, slik at foreldra ser rolla si. Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med heimen. Foreldresamarbeid skal alltid ha barn sitt beste som mål.

Forslag til ny rammeplan tek i vare barnehagen sitt breie samfunnsmandat

I gjeldande rammeplan startar kapittelet «Barnehagens samfunnsmandat» med sitat av § 1 Formål. Dette viser at det er ein klar samanheng med barnehagelova og rammeplanen. Vi meiner at i tillegg til §1, bør § 2 Barnehagens innhold og § 3 Barns rett til medvirkning også siterast i ny rammeplan.

Kva delar av rammeplanen som bør utdjupast i rettleingsmateriell

Temahefta som allereie er laga, bør oppdaterast. Det må i tillegg lagast rettleingsmateriell til følgjande tema:

- Foreldresamarbeid - foreldrerettleing
- Leik
- Sosial kompetanse
- Psykisk helse
- Fysisk helse
- Kompetanse for mangfald
- Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep

Eid kommune 05.12.16

Anne-Grete Eikås

Rådgjevar oppvekst